



# KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

Mai 1977

31. årg.

## «Han lever, han lever ennå!»

Det var ingen ting som irriterte Jesus motstandarar meir enn dette at det var nokre enkle menn som fortalte at Jesus lever. Kva var vel det å bry seg om? Nokre fiskarar i Galilea? Motstandarane hadde då fått Jesus bort på ein heilt forsvarleg måte. Dømd vart han i det høge råd, og domen var stadfest hjå den romerske landshøvding, og utførd av okkupasjonsmakta, av romerske soldatar. Dette var alt saman forsvarleg gjort.

Litt urolege var dei likevel. «— Lat oss få vakt ved gravi,» det vart gjort, og grava vart forsegla. Men kva skjedde? Jau, desse som heldt vakt ved grava, vart dei første som vitna om kva som hende påskedag. — No var gode råd dyre. Kjem dette ut, so vert det siste verre enn det første. (Matt. 27:64.) Her måtte noko gjerast. «Vaktene fekk nok av pengar». Og desse som vitna at Jesus lever, vart arrestert, truga, piska, nokre vart myrda. Dette gjekk mindre formelt

føre seg, det var ikkje tid til formalitetar.

Snart er det gått 2000 år sidan dette hende. Men ordet om at Jesus lever, har vore sagt og skrive, dette at Jesus stod opp frå grava, det strider både mot all vitskap og sunn fornuft. Kven kantru på slikt? Og likevel, ingen ting har nytt. Jesu vitneskare idag kjem frå alle folk, frå alle lag av folket, dei minst lærde, so vel som dei mest skolerte vitskapsmenn. I dag er mange gjort arvelause, fredlause, arbeidslause, dømde til slaveri, fråtekne retten til høgre utdanning, alt fordi dei vitnar at dei trur at Jesus lever ennå. Og likevel, Jesu vitneskare er idag blitt ein skare som ingen kan telja.

Skulle desse liner bli lesne av ein eller annan som kjenner seg overtydd om at all tale om at Jesus lever, er dårskaps tale, innbillings, og naivt — so stans litt. — Du har mykje til felles med dei som kom til Pilatus og

bad han setje vakt ved Jesu grav. — Sikrare var dei ikkje.

Berre ein ting kan hjelpe deg ut av *ditt fengsel*. — Dette nemleg at du får møte den levande Herre Jesus. Det er det Jesu trufaste vitner og martyrar har gjort. Møt Han i Ordet, Bibelordet, i bøn, ved nattverdbordet, i samfundet med dei truande, i dagleg liv og vandel med den oppstandne Herre Jesus.

L. Bjørsvik.

### Ein god ide

Det kan av og til være vanskelig å finne på en fødselsdagspresang i full fart. Våre barn og unge synes å ha de fleste ting de ønsker seg. Vi vil gjerne gi dem noe som kan glede og som kan være oppbyggelig i beste forstand. Det er nok av oppløsende tendenser i alt som strømmer over oss fra forskjellige hold. Vi vil gjerne gi våre unge Guds ord på en slik måte at det kan få betydning for deres personlighetsutvikling.

Her er en god ide: Gi barna eller ungdommen et gaveabonnement på et godt kristent blad! Fødselsdagsgaven blir dermed ikke en engangsforetelse, men en ny gave for hvert nummer! En gave med mening!

*Kom og Se* er Misjonsselskapets barneblad. Her finnes korte artikler fra misjonsmarkene, tegneserie og billedserier, konkurranser og kryssord osv. Det kommer 20 nummer i året til en pris av 35 kroner.

*Ny horisont* er bladet for ungdom. Det utgis i samarbeid med fem andre kristelige organisasjoner. Av innholdet kan vi nevne reportasjer, interv-

juer, samtalespalte, viser osv. Det er 11 nummer i året til en pris av 40 kroner.

*Norske Misjonstidende* er Misjonselskapets organ. Her finnes reportasjer fra evangeliseringsarbeidet på de ni misjonsmarkene, godt oppbyggelig stoff og mer dyptpløyende kronikker. Flere av artiklene egner seg til opplesing i foreninger. Dette bladet gir oss en større horisont og vekker til ansvar for Guds store riksak: å bringe evangeliet ut til jordens ender. Bladet kommer med 35 nummer i året til en pris av 56 kroner.

*For eldre: Gjør alderdommen ung*, av Sokneprest Erling Ruud. Les den. Gi den som gave.

Hausvik og Faugstad %  
Vaksdal  
Telefon 3603.

### Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam  
Telefon Dalekvam 2261  
Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

### A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

### KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam  
Medarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammervik.  
Postgiro nr. 5 72 34 73. Bankgiro nr. 103385/123  
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norheimsund — tfn. 8.

### Kyrkjelydane i Bjørgvin

Når vi no legg ned tenesta i Bjørgvin, går takksame tankar til kyrkjelydane og til alle prestefolka i bispedømet.

De har synt oss så stor ein samhug og så varmt eit hjartelag at vi aldri kan gløyma det. Ved festsamværet som Bispedømerådet skipa til i Håkonshallen, bar de fram gåver og gode ord, som for heile huslyden gjorde dette til eit minne for livet.

No takkar vi for alt. Aller mest for at Gud ga oss tenesta, som vi no legg attende i hans hand. For oss kjennest det som eit sers privilegium at det var mellom folket her vest vi fekk vår siste tenestetid. For all tid har det knytt hjarteband, skapt av Guds miskunnsame hand, og det kjennest som ein rikdom å eiga. Gud signe dykk alle! Vi skal ikkje skiljast. Vi ser fram med ei levande von!

Dykkar takksame  
Betty og Per Juvkam

### Bispeskiftet i Bjørgvin bispedøme

Frå 1. april sluttar Biskop Juvkam som biskop i Bjørgvin bispedøme. Han flyttar til Oslo.

I 16 år har han og frua vore bispefolk i vårt vidstrakte bispedøme. I april 1963 hadde biskop Juvkam visitas i dåverande Bruvik prestegjeld, han vitja då kyrkjer og skular m.m. i Vaksdal prestegjeld. Ved sida av sin gjerning som biskop har Juvkam havt mange andre oppgåvor, som medlem av Frivillig Kirkeråd/Stat kommisjonen, m.m. Han har og vore med i arbeidet med den nye omsetjing av Bibelen til nynorsk.

Den nye biskopen er Thor Scherfenberg With. Han kjem frå Trondheim, der han har vore domprost sidan 1974. Han har eit mykje variert arbeidsfelt bak seg både som prest og som aktivt med i kristne organisasjoner. Han har vore generalsekretær i Samemisjonen, Forstandar for Diaconissehuset i Oslo, Formann i Landsstyret for Indremisjonen m.m.

Me takkar hjarteleg dei som går, og ynskjer dei nye hjarteleg velkomne!

L. Bj.

### Nytt høyreanlegg i Vaksdal kyrkje

Akkustikken i Vaksdal kyrkje har vore svært därleg. Det hender difor at folk sluttar å gå til kyrkje fordi dei hører ikkje det som vert forkynt. I det siste er det kome svært mykje nytt med omsyn til høgtalaranlegg. Ingeniør Oddmund Vik, som er ekspert på dette området, har målt etterklangen i Vaksdal kyrkje, og tilrådt at det vert installert heilt nytt høyreanlegg.

Me er mykje glade for at dette er no på plass, og teke i bruk. Ein ser ikkje noko av dette når ein kjem inn

i kyrkja, ei sokalla teleslynge går rundt heile kyrkjesskipet, og høgtalarane — dei er plassert under benkene. For dei som høyrer tungt er det høyrestavar ein kan få utlevert og setje seg kvar ein vil i kyrkja. Del som brukar høyreapparat må setje dette på «T» so får dei alt pr. trådlaus telefon. Kyrkjeterarane vil vise korleis dette skal brukast.

Me er mykje takksame til Kommunestyret som har løyvd midlar til dette, og sender med dette ei sers helsing til alle som høyrer tungt: Kom til Kyrkja og prøv det nye høgtalaranlegget.

*«Vend øyra hit og kom til meg!  
Høyr so skal dykkar sjel få leva!  
So gjer eg med dykk ei øeveleg pakt,  
Og gjev dykk Davids usvikelege nåde»*

Jesaja 55:3.

## Ingeniør Oddmund Vik om det nye høyreanlegget i Vaksdal kyrkje

Det nye høyreanlegget, som nu er montert i Vaksdal kirke er det siste nye på området. Anlegget er basert på induksjonsprinsippet, og man er ikke lenger henvist til å sitte på spesielle benker med faste plasser i kirken.

De hørselsvake kan ta plass hvor de måtte ønske det, å få like god mottagning uansett om de sitter langt fremme eller bak i kirken.

Det er ikke nødvendig med tilkobling av ledninger eller lignende. De som ønsker det kan låne en stangmottager som henger på sin plass ved inngangsdøren. De er meget enkle å

bruke, man skrur på bryteren som er anbrakt i håndtaket og skrur så videre til den ønskede lydstyrke er oppnådd. Har man anskaffet eget høreapparat av nyere type, behøver man ikke benytte stangmottager. Man stiller sitt høreapparat om på telefonlytting, dermed oppnås samme virking.

Etter bruk av stangmottageren, må en påse at bryteren er avslått før den henges på plass igjen.

## Skulelaget «Dagning»

Skulelaget «DAGNING» ved Dale Ungdomsskule er tilslutta Norges Kristelege Student og Skuleungdomslag (NKSS). Laget har som formål å samla og styrkja dei kristne elevane ved skulen, og å vinna fleire for Kris-tus.

Laget har lagsmøte ein gong kvar 14 dag, og me held til på Ungdomsskulen. Programma for lagsmøta er: Andakt, song, leik og konkurransar. Elles kan me som lag reisa på leir, weekend og større samlingar med andre lag. 18-20 mars var laget på weekend på Fagertun, i Eksingedalen, leir-staden til Samemisjonen. Det vart ei helg til glede, lærdom og inspirasjon for kvar enkelt og for laget som heilheit.

Eg vil og nemna at det er andakt kvar fredag i storfriminuttet i filmsalen.

Me prøver og å laga ei tilstelling for elevar med foreldre ein gong kvart halvår.

Laget har eit motto som kan få stå her som ei avslutning: BERRE JESUS KAN GJE DEG VERKELEG FRED.

Ingrid Verpelstad.

## Konfirmantar i Vaksdal

Dale Kyrkje, 8 mai 1977

Gunn Marie Aldal, Tove Bruvik, Ingrid Dalseid, Margareth Fotland, Bjørg Fykse, Svanhild Fyllingslid, Anne Bente Marx, Linda Merethe Mellingen, Bente Risnes, Kari Seim, Irene Søvik, Siv Bente Vedå, Jane Veka, Karen Abigail Vestbø, Linda Mari Øye, Lisbeth Vågen.

Ove-Magnar Alvheim, Egil Boge, Geir Anders Brekke, Atle Dahle, Sven Vidar Domben, Åge Gregersen, Øystein Hesjedal, Gjerulf Indrebø, Stig Langhelle, Harald Lid, Gunnar Paulsen, Terje Rolland, Arve Martin Rølland, John Frode Rønhovde, Steinar Stanghelle, Lorents Tvedt, Geir Olav Tyssen.

Vaksdal Kyrkje, 8. mai 1977

Eelyn Boge, Berit Helle, Torill Jacobsen, Grete Kalleklev, Marit Knutsen, Ingrid Skorpen, Lill Anita Stavenes, Dagrunn Marie Tolås, Grete Oline Tolås.

Nils Arthur Amundsen, Ove Amundsen, Jan Erik Barnes, Bjarne Boge, Arild Martin Døsvik, Trond Olav Steinsbø, Asbjørn Inge Tefre, Kent Charles Hugo Vik.

Stamnes Kyrkje 15. mai 1977

Bjørg Gullbrå, May Britt Hagen, Jorunn Bargrethe Kalvik, May Britt Nordby.

Johannes Gullbrå, Henning Hagen, Øystein Simmenes, Per Solhaug, Kjell Roger Stien, Rune Vik.

Bergsdalen Kyrkje 15. mai 1977

Kjersti Hatlestad, Norunn Hatlestad.

Eidslandet Kapell, 22. mai 1977

Sønneva Jacobsen.

Stein Inge Carlsen, Kjell Inge Gullbrå, Rolf Jarle Simmenes.

Nesheim Kyrkje, 22. mai 1977

Linda Lavik, Britt Jane Ekse, Anbjørg Fjellanger.

Magnar Nese.

## Kyrkjesskyss i Eksingedalen

Eksingedalen med sine to kyrkjer, Flatekval og Nesheim, er omlag 5 mil lang. Gudstenestetilbodet for Eksingedalen var lenge svært lite. Det tok til med ei gudsteneste eller prestevitjing for året. Seinare vart det noko betre. Etter gjeldande ordning skal det no vera 10 gudsteneste på Nesheim, og 10 på Flatekval for året. Dette er sjølv sagt også altfor lite, men med dei lange avstandar, og mange kyrkjer, er det ikkje råd å rekke meir for to prestar.

Soknerådet på Flatekval har gjort vedtak om at når det er gudsteneste på Flatekval eller Nesheim, skal kyrkjebussen gå heile dalen. På den måten kan folket i Eksingedalen få 20 gudsteneste-tilbod om året. Dette svarar om lag til det dei gamle kalla «tre vekes preik». Mindre enn dette bør det ikkje vera i ein kyrkjelyd.

Dette er meint som ei prøveordning som skal vara ut året. Vert ikkje tilbodet nytta, fell vel ordninga bort når året er ute.

Me vonar folket i Eksingedalen vil nytta dette tilbodet, og at det må bli til signing for folket i heile dalen.

L. Bj.

## Nye sangkappar til Dale kyrkje

På gudstenesta i Dale Kyrkje den 20. mars, tok Dale Kyrkja sin songskule sine nye sangkapper i bruk. Kyrkja sin songskule har to kor, eit for dei små, og eit for dei større børna.

Sangkappene er skaffa til veges dels av dugnadsarbeid av barna sine mødre.

Gildt og vakkert var det å sjå dei omlag 40 barna stå i koret, og høyra dei syngja so vakkert.

Me takkar dei som har gjort dette mogleg, og ynskjer barna velkomne til å syngja so ofte dei har høve til det. Guds rike høyrer slike til.

## Til alle menighetsblad i Bjørgvin

Når eg no står ved slutten av tene-sta i Bjørgvin, vil eg senda ei helsing til alle som arbeider med kyrkjelyds-blada i bispedømet.

De har vore så gilde å senda oss blada her i bispegarden. Dei har kome her som bodberalar frå kyrkjelydane. Dette har vore ei stor glede for oss, og den informasjon dette har gjeve oss, har vore sers verdfull.

Mang ein gang har eg site med desse blada i hendene, og tenkt på det arbeidet som ligg bakom. No har eg høvet til å gjeve uttrykk for den takk-semd eg ofte har kjent andsynes dykk som har teke på dykk denne oppgåva.

Gud signe dykk! Det er ei stor oppgåve i kyrkjelyden og for vår kyrkje.

Vensam helsing  
Betty og Per Juvkam

## Frå kyrkjebökene

### DØYPTE:

#### DALE:

Nikolai Maroni Johannessen, fødd 8/6 1976, døypt Birkeland Kyrkje 21/11 1976.

Katrine Kallestad, fødd 7/1 1977, døypt 13/3 1977.

#### VAKSDAL:

Birgitte Schjerven Roald, fødd 12/1 1977, døypt 13/3 1977.

Marianne Herfindal, fødd 20/1 1977, døypt 27/3 1977.

#### STAMNES:

Mai Linn Kolås, fødd 13/12 1976, døypt 20/3 1977.

Ingvill Elde Gullbraa, fødd 5/1 1977, døypt 20/3 1977.

### VIGDE:

#### DALE:

Jostein Lid og Arnhild Johnsen, vigde i Voss kyrkje den 19/3 1977.

#### AVLIDNE:

#### DALE:

Sigmund Eide, fødd 19/7 1924, døydde 3/3 1977, gravlagd 9/3 1977.

#### VAKSDAL:

John Fossmark fødd 22/7 1909, døydde 10/3 1977, gravlagd 18/3 1977.

## Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET  
Avd. 15 — 5296 EKSINGEDELEN

## DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co  
Tlf. 2193 — Dalekvam

«DEI HELD TRUTT FAST VED  
LÆRA AT APOSTLANE OG VED  
SAMFUNNET, VED BRØDBRYT-  
INGA OG VED BØNENE.»

Ap.gj. 2:42.

## Den gode hyrde

En natt våknet jeg av spørsmålet, trenger voksne mennesker hyrde? Om jeg hadde lest eller tenkt på spørsmålet før jeg sovnet — husker jeg ikke. Spørsmålet forsterket sig ytterligere, vokne mannlige med sine meningers mot, som vet hva de vil — trenger de hyrde?

Ikke sant — mine lesere — der er noget hjelpefullt i dette å trenge en hyrde.

Verdens barn sier ofte, nei-takk, nogen barnepike skal vi ikke ha. Vi er voksne folk, vil skal passe oss selv. At pur unge trenger det kan såvidt aksepteres — men fullt voksne — nei.

Det er serlig overfor alkoholrestriksjoner vi hører disse toner. Men også i andre sammenhenger kan vi merke denne arrogante tonen hos mennesker som ikke kjenner sin egen hjelpefullhet mot Satans listige strategi.

Samson var dommer i Israel, og ingen svekling i styrke. Allikevel sovnet han i Dalilas fang. Han merket ikke hvor bundet han var, før han prøvet å rive seg løs.

Synden er farlig og besnerende.

Personlig kan jeg vitne. Den gode hyrde har voktet mig i kjente og ukjente farer. Det sistnevnte har undret meg mest.

Han korrigerer mine tanker når de tumler på farlige veier og urette stier.

Johanne B. Helle.

## Velkommen til Kyrkja

### 2. søndag etter Påske, 24. april:

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Offer til Menighetsfakultetet.  
Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Kirkens Nødhjelp. Nattverd. Song av skuleborna.

### 3. søndag etter Påske, 1. mai:

Dale Kyrkje. Sokneprest Bjørsvik, m. fl. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

### 4. søndag etter Påske, 8. mai:

Dale kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Sokneprest Bjørsvik. Kollekt til Soknerådsarbeidet. Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Res.kap. Steinnes. Kollekt til Soknerådsarbeidet.

### 5. søndag etter Påske, 15. mai:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Res.kap. Steinnes. Kollekt til Soknerådsarbeidet. Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Konfirmasjon. Kollekt til Soknerådsarbeidet.

### Grunnlovsdagen, 17. mai:

Dale Kyrkje. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Kyrkjesalen ved Dale Kyrkje.  
Stamnes Kyrkje. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Vaksdal Kyrkje. Res. kap. Steinnes. Offer til arbeidet i Soknerådet.  
Eidslandet Kapell. Res. kap. Steinnes. Offer til Kyrkjesalen ved Eidsland.

### Kristi Himmelfartsdag, 19. mai:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.  
Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

### 6. søndag etter Påske, 22. mai:

Eidslandet Kapell. Konfirmasjon. Res. kap. Steinnes. Offer til Soknerådsarbeidet.  
Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Soknerådsarbeidet.

Sjå kunngjering elles.

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

**DALE, Tlf. 2421**      Frå      Til  
Måndag, Tysdag, Onsdag og Fredag .. 8.30      15.00  
Torsdag .. . . . 10.00      17.30

**VAKSDAL, Tlf. 3605**  
Tysdag og Fredag 8.30      15.00  
Torsdag .. . . . 10.00      17.30

**STAMNES, Tlf. 3 a**  
Måndag frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening  
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTS  
SKOFORRETNING  
Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN %**

Tlf. 2240 DALKEVAM

**R A D I O — T V**

Reparasjonsverkstad

**BØKER — PAPIR — BIBLAR**

**SALMEBØKER — SANGBØKER**

**EIDE & PETERSEN %**

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG**

*Ass. Landhandel og Bakeri*

FILIAL SKAFTÅ

**Arth. og Arne Vaksdal  
HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

**Vaksdal koop. Handelslag**

**V A K S D A L**

Telefon : Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**

5 eksa

5270 VAKSDAL

Res, kapp, høgning, sløyfesteinnes